Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28. | Fylke: Hordaland.

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Voss.

Emne: Drikk til maten til kvardags. | Bygdelag: Voss.

Oppskr. av: Martina Säylen. | Gard: Rogne.

(adresse): Voss. | G.nr. 49. Br.nr. 17.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Mjölk.
Bruken av mjölk har auka no i det siste. Fyrr bruka dei meir skyr (surmjölk) og skummamjölk enn no.

2. Som leskedrykk drakk dei fyrr i tida lelenda. Det stod jamnast eit slikt lelendebytte av tre på borde. Dette tappa dei av å drakk som leskedrykk.

3. Av mjölk laga ein til drikke saup, leleng, lelende, skyr, primblende. No er det mest inkje rå å få saup meir. Skyr får ein på flaskar som kefirmjölk, primblenda finst ikkje meir, lite bruka dei og skummamjölk her no. Det er helst söt mjölk.

4. Øl – Heimebrygg som kvardagsdrykk helst då om sumaren, vart det slutt med; når fråhaldssaki byrja å virka. Omlag for 40-50 år sidan. Rigtignok er det enno ein del som bryggjer til sumars – men ålment er det inkje meir no. Dette öl som dei bruka som torstedrikke kalla dei tunnöl. Det bruka dei då til kvardags i onnetider. Dei laga gjerne lit tunnöl, om dei bryggja til jol – gravferd eller brudlaups også. Til brudlaups måtte det vera godt öl – –

12154

5. Kaffi -. Mi oldemor Anna Bere skr vera den fyrste kvinna som kom med kaffe til vår bygd. Ho hadde vore til byen, og tok heim med seg eit pund kaffe og dela millum slekt og vener. Eit slikt pund var 24 merker. Det er omlag 110 år sidan. Denne drykken brukka dei då, når dit kom framande og ved høgtider og ..

6 Seinare varf kaffe meir kvardagsdrykk. omlag for 60-70 år sidan.

7. Vanleg drikk ein kaffe 2 gonger om morgon og til ettermiddagsmaten kl 16 omlag. Men dit fins dei som drik mange gonger kaffe om dagen i tid og utid.

8. Kaffi kan lagast på fleire måtar. Sume kokar kaffien. Då har ein kaffien oppi kalt vatn og lit den koka lit, har so på klareskinn og før den bera med lite grudd. Andre trekkjer kaffien på kanne, har ørlite salt oppi. Den er svert god. Den grovmalne kaffien kokar ein. Den finmalne kaffien trekkjer ein på kanne. Då har ein kaffien op i kaffeposen slar kokande vatn yver. Trekkjer aver att fleire gonger og lat kanna stå på varm plate. Det vert den allerbeste kaffe, tykkjer eg. Det er dei som er flinke å spå i grut og. Dei har då sine oplærde reglar og går etter dei - Med god fantasi, og lit kjennskap til den dei spår, kan dei få treffande utfald -. Dei ser veger i gruten, hus og skoglundar, menn kvinnar og barn. Men fantasien må vera levande hjå den som spår.

9. I gamal tid brukte dei brunt platesukker til kaffien. Dei kjøpte desse platene ferdige, men dit var og dei som var så flinke dei laga brunt sukker av kvit. Dei kokte dit sjølve -

12154

9. Seinare brukka dei kandis, hogd eller klypt sukkertopp og raffinade – "leetasukker" som dei kalla det på Vårs, andre brukka gjerne "lössukker" (= farin) i kaffien.

10. Gamalt hadde dei gjerne sirup i kaffien. Eg har og sett sume har brukt ost når dei inkje har hatt flöyte heime. Ellers brukka dei heilmjölk eller flöyte i kaffien. Det har og vore dei som har vispa egg og havt oppi kaffien. Dei hadde trū på det var bra.

11. No brukar mange tee om kveldane til maten. Det byrja ein med for 30 år sidan omlag. Karvete er det mange som brukka og det er god drikk. Ellers brukka dei og solbærblad og bringebærblad å laga te av.
Dei kan og brukka bjørkelauv serlig om våren til te-.

12154

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

12. Brennevin-. Brennevin bruka dei i „nyrka" i serlege høve. Når det var slakting, og då det var tresking, eller ein eller annan dugnad, då skulde kvar få ein dram når dagen var slut. Dersom det kom vener eller slektningar, som ikkje hadde tid å vera til dei fekk laga dei mat, so måtte desse då fylgje i loftet å få seg ein dram, og gjerne ei kringle eller kake=skive attåt. Var nokon mykje farkjøla, so hadde dei tru på ein dram kunde vera bra å ta til. Likeins om magen slag seg vrang.

13. Den nyare drykken no er gjerne kjøpeøl, vørterøl, selters, brus, saft, apelsinessens, Kaffi og te inkje å gløyma. Sjokolade, kakao kan ein og rekna med. Kakao er mykje brukt til barni, om dei ikkje er glad i mjølk.

12154